

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
06 / 01219 - 23	
DATO 31 AUG. 2007	
AN	EKSP.
586	

Dykkar ref. 06/01219-4

Vår ref. # 52300

Dato 29.08.2007

## Rettleiar for regionale planar for vindkraft - høyrings svar

Vi syner til høyringsbrev og ønskjer med dette å gje følgjande merknader:

### **Generelt**

Styresmaktene har fastsett mål for satsing på m.a. vindkraftutbygging her i landet. Ein regional plan for vindkraft må ta utgangspunkt i dette og ikkje einsidig fokusere på at vindkraftutbygging kan skape konflikstar. All utbygging kan skape konflikt, dette er ikkje noko særstør for vindkraft.

Når det gjeld vindkraft er det ikkje berre snakk om energioppdekking. Vindkraft er også positivt for klimaet, og som klimatiltak er vindkraftutbygging mellom dei aller mest kostnadseffektive.

Vindkraftsektoren gir også muligheter, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er ikkje berre snakk om inntekter for grunneigarar og lokalsamfunn, men også arbeidsplassar, aktivitet og potensiale for industriutvikling. Ikkje minst for reiselivet vil vindkraftutbygging kunne opne for nye muligheter.

Det er i utkastet til rettleiar brukt vindkraftanlegg generelt utan å drøfte at storleik på anlegget kan ha effekt. Dette er ein stor svakheit, for det vil aldri vere slik at små parkar (kan hende heilt ned på einskildturbin-nivå) påverkar landskaps- og andre verdiar i same grad som større parkar.

### **Metodikk**

Den metoden med klassifisering av verdi for ulike tema som er tenkt fulgt, er tiltalende. Men her er fallgruber.

For det første er verdisetting ofte ikkje noko absolutt. Det vert lett ei subjektiv vurdering som avheng av ståstad.

For det andre kan verdi endre seg over tid, dels som følge av endringar i samfunnet, dels som følge av at området endrar karakter etter andre inngrep eller naturlege forhold.

Det viktige er heller ikkje kva for verdi ein set på eit område, men om verdivurderinga vert påverka av ei vindkraftutbygging.

Det er lagt til grunn at kartleggingsarbeidet skal baserast på eksisterande kunnskap. Dette bør vere sjølvsgatt. Det syner seg likevel ofte å verte slik at der kunnskap manglar eller er usikker, legg ein "føre var"-prinsippet til grunn. I praksis kan dette lett føre til at mange område der det *kan* vere ein mogleg verdi, vil bli tilrådd blokkert for vindkraftutbygging. Dette må ein unngå, t.d. ved at det vert fastlagt strenge krav til når "føre var"-prinsippet kan leggest til grunn.

### ***Dei ulike vurderingstema***

#### Reiseliv

Det er urimeleg at reiseliv skal ha ein særskilt status i samband med regionale planar for vindkraft.

For det første er det slik at det lokale og reionale reiselivet ofte kan få nye muligheiter med ei vindkraftutbygging.

For det andre er omgrepet "det norske reiselivsproduktet" eit krevjande omgrep. Ein vidtfemnande definisjon av dette kan føre til at "all" utbygging langs t.d. kysten, all modernisering av landbruket, all utbygging av infrastruktur m.v. vert gjort vanskeleg fordi vi skal tilrettelegge for utanlandske turistar som kjem hit til landet eit par månader om sommaren for å oppleve "det norske reiselivsproduktet" frå buss eller cruiseskip.

Ikkje minst dette området er prega av manglande kunnskap. Vi vil difor vise til at det er sett i verk eit forskingsprosjekt (Vestlandsforskning) der reiselivsbransjen og vindkraftbransjen samarbeider. Tanken er å få analysert i kva grad det faktisk er konflikhtar mellom vindkraft og reiseliv, kva desse eventuelle konfliktane går på og korleis ein eventuelt kan redusere dei. Den type kunnskap som kjem ut av eit slikt prosjekt vil vere heilt avgjerande for truverdet i ei vurdering av moglege konflikhtar mellom vindkraft og reiselivet.

#### **VESTAVIND KRAFT AS**

Bukta, N-6823 Sandane, Norway  
Telefon +47 57 88 37 02 ☎ Telefaks +47 57 88 37 01  
<http://www.vestavindkraft.no> - Org.nr. 989 074 687

### Landskap

Ved vurderinga av landskapsverdiar, er det lagt inn ein dimensjon om opplevings- og symbolverdi for m.a. reiseliv og friluftsliv. Dette er etter vår vurdering irrelevant. Alle norske landskap kan ha verdi for friluftsliv og reiseliv. Om reiselivet ikkje er utbygt, har dei fleste lokalsamfunn og kommunar planar og ønskje. Og overalt her i landet kan ein gå tur.

Ei meir relevant vurdering vil difor vere om vindkraftanlegg påverkar landskapsverdiane, ikkje om dei er store eller middels.

### Naturtypar

Det er eit faktum at somme naturtypar er avhengige av "vedlikehald" og tradisjonell bruk. Det er difor viktig å få med seg i kva grad ei vindkraftutbygging endrar muligheitene for slik bruk.

Vi syner elles til høyringssvaret frå EBL.

Med helsing

Vestavind Kraft AS



Håkon Sandvik

Adm.direktør

**VESTAVIND KRAFT AS**

Bukta, N-6823 Sandane, Norway  
Telefon +47 57 88 37 02 ☎ Telefaks +47 57 88 37 01  
<http://www.vestavindkraft.no> - Org.nr. 989 074 687